

## Så flotte og flinke julabukkar!!

06.01.2020



Kreative og flotte var julabukkane! Til og med ein stor julepakke med juletre som følgje, som sang flott, vart eg møtt av då eg opna døra.

**Julabukkar er kjekt både for dei som er ute og går, og for oss som får besøk! Etter å ha hatt besøk av om lag 50 julebukkar, meiner eg at eg kan slå fast at Uskedalen har dei flinkaste, kjekkaste, flottaste og høflegaste julabukkane. Det er det gode inntrykket eg sit att med etter dei mange besøka i kveld. Og dagens julebukkar er mykje flinkare enn vi var då eg og mine jamaldringar gjekk julabukk for vel 50 år sidan!!**

Då eg gjekk julabukk, sa vi at vi gjekk trettandereid, og vi gjekk trettandeafta, altså 5.januar. Bortsett frå endring av namn og dag er det ein ting til som verkeleg har forandra seg. No er dei mykje flinkare å syngje enn vi var. Det er verkeleg kjekt når det ringer på døra, og vi blir møtt av smilande og syngande julabukkar når vi opnar døra. Flott utkleddede var dei også i år, og nokre var særdeles kreative. Høflege er dei og, takkar fint for det vesle snopet dei får, og seier smilande 'Ha det' når dei går. Jammen er vi heldige i Uskedalen med så flotte born og ungdommar!

For at fleire skal få oppleva 'min' kveld, fotograferte eg julabukkane. Dessverre veit eg at eg gløymde å ta bilde av minst ei gruppe, men dei var like kjekke og flinke dei og.















Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.